

Norges Vassdrags- og energidirektorat

Dato: 27.02.2025

Postboks 5091 Majorstua
Middelthunsgt. 29
0301 OSLO

Dokumentnummer: 25/596-2
Dykkar referanse:
Saksbehandlar: Gaute Widerøe Hennig

Uttale - Høyring av søknad om bygging av Nedre Sønnaåelva Vasskraftverk

Me viser til NVE si oversending av konsesjonssøknad for Nedre Sønnaåelva vasskraftverk i Vindafjord kommune, høyringsuttale 202311372.

Bakgrunn for saka

Det har blitt søkt om løyve til å bygge vasskraftverk i Nedre Sønnaåelva i Vindafjord kommune. Inntaket er planlagt på kote 152, nedstraums vassinntak til Ølen vassverk. Derifrå vil vatnet gå i eit om lag 530 m langt nedgrave rør med Ø700 mm. Kraftstasjonen er planlagt på kote 35 og vil vere eit bygg på ca. 96 m². Det er ikkje planlagt å sleppe minstevassføring forbi inntaket, dette då Ølen vassverk ikkje har krav om dette. Årleg middelproduksjon vil vere ca. 1,9 GWh. Det er planlagt ein permanent anleggsvei på ca. 500 m frå kraftstasjonen til inntaket.

Kommunen vil vanlegvis vere konsesjonsmynde for vasskraftverk under 1 MW, men NVE vil behandle denne konsesjonssøknaden då elva allereie er regulert for vassuttak, slik at søknaden kjem innunder unntaket i § 1 i vassressurslova som omhandlar sumverknadar.

NVE vil behandle vassuttaket, inntaket med røyrleidning, kraftstasjon og anleggsveg.

Vindafjord kommune si vurdering

Kommunen er positiv til utbygging av fornybar kraft, men det må skje utan at det får for store negative konsekvensar for natur- og kulturmiljø og andre allmenne interesser. Talet på små vasskraftanlegg har auka kraftig i Norge og Vindafjord. Det er derfor viktig å vurdere sumverknadane tiltaket vil ha.

Nedre Sønnaåelva er ein del av Vestbøelva (vassførkomst 038-32-R), eit lokalt viktig anadromt vassdrag som er nemnt som prioritert vassførkomst i [regionalt tiltaksprogram for Rogaland vassregion 2022-2027](#). Vestbøelva har i dag «moderat» økologisk tilstand, der hydrologiske endringar grunna offentleg vassforsyning er nemnt som ein av fleire påverknadar på vassdraget ([Vann-nett](#)). Det er på bakgrunn av at Ølen vassverk har vassinntak til sitt vassverk rett ovanfor planlagt inntak for omsøkt kraftverk. Ølen vassverk har ingen krav til minstevassføring, og det blir i tørre periodar i sommarhalvåret ofte observert svært lite vassføring i Vestbøelva, noko som kan ha negativ påverknad for det akvatiske livet. Omsøkt tiltak i denne konsesjonssøknaden vil ikkje påverke vassføringa lenger ned i elva slik som vassuttaket til Ølen vassverk gjer, då vatnet blir sleppt ut igjen, men tiltaket vil ha konsekvens for den omsøkte strekninga som i periodar vil ha mindre vassføring.

Kommunen har følgende uttalepunkt:

- **Sumverknader og artskartlegging/konsekvensutredning for biologisk mangfald/naturmiljø**

Kommunen ser det som positivt at NVE behandlar konsesjonssøknaden ut frå potensielle sumverknadar. Vestbøelva er eit vassdrag med mykje påverknad frå vassuttak, næringsavrenning (jordbruk og avløp) samt fysiske tiltak (utretting, forbygging, røyrlegging, reinsking av elvebotn, m.m.). Det at det i tillegg til dette omsøkte tiltaket er eit kraftverk under oppføring i nabobekken (Gamleskarbekken) gjer og at den samla belastninga på naturmiljøet og vassdraget må vurderast før det blir gitt eventuell konsesjon.

Det er ikkje registrert fisk eller andre raudlista artar knytt til vassdraget i den aktuelle strekninga, men det kan det vere andre artar som er avhengig av at det er vatn i elva. Dette kan til dømes vere akvatiske invertebratar, eller sopp-, mose- og lavartar som er knytt til vassdraget og avhengige av såkalla «fossesprøytsoner». Det har ikkje vore systematiske kartlegging i området og kommunen ser ikkje på kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 i naturmangfaldslova som godt nok vurdert, og tilrår difor at det blir stilt krav om kartlegging før det blir gitt eventuell konsesjon.

I den samanheng blir det lagt til at kommunen, i samarbeid med Haugaland vassområde, har planlagt habitat- og hydrologikartlegging av Vestbøelva med sidebekkar i 2025. Dette arbeidet har fått tilskot til kartlegginga frå NVE (NVE ref. 202212654), fylkeskommunen og statsforvaltaren, og NORCE har blitt tildelt oppdraget. Den rapporten kan moglegvis inngå i kunnskapsgrunnlaget.

- **I eventuell konsesjon bør det bli stilt krav om minstevassføring**

Sjølv om det ikkje er registrert fisk eller raudlista artar i og rundt elvestrekninga som skal leggst i røyr, så betyr ikkje det at det ikkje finst artar der som kan bli påverka av at elva blir tørrlagt i lengre periodar. Vassdrag kan vere livsgrunnlag for både akvatiske og terrestriske artar, og ei tørrlegging av elva vil kunne ha negative ringverknadar for det biologiske mangfaldet i området. Å sørge for vassføring vil kunne vere med på å oppretthalde økosystemet i og rundt elva, og kommunen meiner difor at det bør vere krav om minstevassføring i ein eventuell konsesjon. Unntak frå minstevassføring vil kunne føre til endå lengre periodar på året utan vassføring i den aktuelle strekninga (grunna vassinntaket til Ølen vassverk vil det allereie vere periodar med potensiell tørrlegging) enn det er i dag, som kan ha potensielle negative konsekvensar for naturmiljøet.

- **Anna**

For friluftsverdiar vil tiltaket kunne få ein liten negativ konsekvens då turgåarar vil kunne miste opplevinga av rennande vatn i akkurat dette området. Det er ikkje eit område der det er veldig mange turgåarar så den konsekvensen vil nok vere liten. Det vil og føre til ein negativ konsekvens for kulturlandskapet estetisk sett viss ein mistar ei strekning med rennande vatn. Kommunen ser ikkje at det er registrert kulturminne i nærleiken, men påpeiker at det må bli tatt omsyn til kulturminne ved eventuelle funn under anleggsperioden.

Med helsing

Thomas Vestbø
einingsleiar for areal og forvaltning

Gaute Widerøe Hennig
rådgjevar klima, miljø og landbruk

Dokumentet er godkjent elektronisk.

